

Resolusjon frå FFO Sogn og Fjordane sitt årsmøte 2016.

FFO - Talsmann for menneske med kronisk sjukdom og nedsett funksjonsevne.

FFO Sogn og Fjordane er ein samanslutnad av om lag 42 medlemsorganisasjonar. FFO arbeider med saker som gjeld med menneske med sjukdomar og nedsett funksjonsevne. FFO er deira talsmann overfor styresmaktene.

FFO påverkar utvikling av tenester som blir gitt folket frå HELFO, NAV, skule og arbeidsplassar, spesialisthelsetenester og kommunar. Der den enkelte opplever å ikkje nå fram med sine krav, eller opplever at regelverket ikkje tar vare på deira behov, kan slike saker takast opp gjennom brukarorganisasjonar og FFO.

Ved å engasjere seg i sin brukarorganisasjon kan dei medverke til å betre levekåra også for andre menneske.

Årsmøtet 2016 for FFO ønskjer at enno fleire vel å engasjere seg i eit viktig arbeid for solidaritet og likeverd uavhengig av funksjonsevne. FFO sitt arbeid er viktig for dagens brukarar, men det påverkar og framtidige haldningar og tilbod til denne gruppa.